

---

Vår referanse 2021/498-48  
Dato 06.09.2021

---

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Att. Mikkel Bengtsson

## Avslag på søknad om tilskot til villtiltak 2021 – prosjektet 'Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort'

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til prosjektet 'Aldersregistrering og kohortanalyse av hjort', og må dessverre melde at de har fått avslag på søknaden om økonomisk støtte.

Søknaden sin referanse i Elektronisk søknadssenter ved Miljødirektoratet (ESS) er: 21SBDDDF. Vestland fylkeskommune behandla søknaden på møtet i Utval for næring 24.06.2021, sak PS 51/2021, sjå:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=376&sourceDatabase=>

Ved søknadsfristen var det kome inn 21 søknader til Vestland fylkeskommune under denne statlege tilskotsordninga til villtformål (kap. 1440 post 71). Samla søknadssum til fylkeskommunen var om lag 1,8 millionar kroner. Det vart tildelt i alt 1 million kroner i tilskot, det same som løyvinga til fylkeskommunen på denne tilskotsordninga i 2021. Som grunngeving for avslaget viser vi til søknadvurderingane i vedlegg til sak PS 51/2021 (sjå ovanfor). Prioriteringa av søknader har vore gjort med utgangspunkt i føremålet med tilskotsordninga og tilskotskriteria fastsett i *Forskrift om tilskudd til villtformål*.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottek melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen kan sendast til Vestland fylkeskommune, på e-post [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no).

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga på, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi håpar at prosjektet kan realiserast utan vår medverknad og ønskjer dykk lukke til vidare.

Vestland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er:  
Jomar Ragnhildstveit, e-post [jomar.ragnhildstveit@vlfk.no](mailto:jomar.ragnhildstveit@vlfk.no), tlf. 97 66 65 76.

Med helsing

Endre Høgalmen  
seksjonssjef

Jomar Ragnhildstveit  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*